



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Møteinkalling

Utval: **Nærøyfjorden verneområdestyre**

Møtestad: Digitalt møte

Dato: 24.10.2024

Tidspunkt: 15:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Møtet verft gjennomført digitalt på Teams.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 37/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 38/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 39/24	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - utflyging av hjortevilt - Flenjane - Morten Nesbø		2024/14390

**ST 37/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 38/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2024/14390-0

Sakshandsamar: Maria Baudonnel Underdal

Dato: 17.10.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	39/24	24.10.2024

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernombord - motorferdsel - helikopter - utflyging av hjortevilt - Flenjane - Morten Nesbø

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre avslår søknaden frå Morten Nesbø om løyve til helikoptertransport av felt hjortevilt frå Flenjane. Avslaget er gitt med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 pkt. 2.1, og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Grunngjevinga for avslaget er presedensverknaden denne saka vil få for andre liknande saker. Samla sett vil auka motorferdsel kunne gje auka støy og uro, og gje ein negativ verknad på verneverdiane. Negativ verknad på verneverdiane vil over tid vera i strid med verneføremålet om å ta vare på eit landskap med eit mangfold av dyreliv, og med lite motorisert ferdsel.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om løyve til motorisert ferdsel, *Morten Nesbø*, 27.09.2024
- Utfyllande opplysningar til søknaden, *e-post frå Morten Nesbø*, 01.10 og 07.10.2024
- Fråsegn – motorferdsel – helikopter – utflyging av hjortevilt i Flenjane, *Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell*, 07.10.2024
- Uttale – motorferdsel – helikopter – utflyging av hjortevilt i Flenjane, *Aurland hjorteviltutval*, 09.10.2024
- Nærøyfjorden landskapsvernombord, Bleia-Storebotnen landskapsvernombord, Nordheimsdalen naturreservat – motorferdsel – uttransport av felt hjortevilt – saksprotokoll 34/24, 10.09.2024, *Nærøyfjorden verneområdestyre*
- Nærøyfjorden landskapsvernombord – løyve til landing med helikopter for frakt av felt hjortevilt i Brekke/Frondalen og Flenjane storviltvallt, 18.08.2018. *Delegert vedtak Nærøyfjorden verneområdestyre*



Nærøyfjorden verneområdestyre


Søknaden

Morten Nesbø søker om eit 3-årig løyve for utflyging av hjortevilt frå Flenjane. Han skriv: «*Grunnen til at me søker helikopterløyve er fordi me jaktar hjort og elg i dette området. Det er høg bestand av hjort her, så me syns det er viktig og ta ut hjort her. Det er også elg i dette området. Samtidig er dette eit vanskeleg terrenget å bera kjøt ned att til Aurland. Dersom det let seg gjera, vil me prøva å nytta helikopter samtidig med andre som jaktar i området.* Ynskjer løyve for fleire år.»

Han søker for tidsrommet 28.09.2024 til 30.11.2026, og om ein tur i året.

Me har fått nokre utfyllande svar frå søker per e-post. Her er ei oppsummering av dei:

- Landing skal vere på Flenjabøen.
- Flygeruta er rett over til Aurlandsvangen.
- Han søker på vegne av seg sjølv, men presiserer at valdet kan også vera med å nytte løyvet om det passar.
- Han argumenterer for at vegen er så vanskeleg at det ikkje let seg gjera å frakte ned utan bistand.



Figur 1 Kart med markering av stølen Flenjane, og transportrute mellom Flenjane og Aurlandsvangen teikna inn av forvaltar. Grense for villreinområde er markert med grå strek.
Kjelde: Fylkesatlas



Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombordet av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Miljødirektoratet sin rettleiar M106-2014. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter.
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».*

Motorferdsel er forbode, likeeins lågtflyging under 300 meter og landing jf. verneforskrifta § 3 pkt 2.1. Landing med helikopter i samband med utfraiking av jaktutbytte er det ikkje opning for i dispensasjonsreglane i verneforskrifta.

Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig...*». Begge vilkåra må vera oppfylt. Denne paragrafen skal nyttast i særlege tilfelle som ikkje blei vurdert ved opprettinga av verneområdet og som kan sjåast på som bagatellmessige inngrep, jamfør Miljødirektoratet sin rettleiar M106-2014.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i nml. §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og veklagt i saka.

Vurdering

Jakt er definert som ein aktivitet innan friluftsliv, og det vil vera høg terskel for å gje løyve til bruk av helikopter i samband med uttak av jaktutbytte, jf. forvaltningsplan for Nærøyfjorden. I område som vert vurdert som ekstremt bratt og med vanskeleg terreng, kan det vurderast å gje løyve til bruk av helikopter (forvaltningsplan s. 57). Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav løyve til uttransport av felt storvilt frå storviltvalda Flenjane og Brekke/Fronsdalen for åra 2008 – 2012, og Nærøyfjorden verneområdestyre gav løyve til uttransport for perioden 2013 – 2017 og perioden 2018 – 2020. I alle desse sakene har løyvet vore gitt til storviltvaldet, og ikkje til enkeltjegerar eller einskilde jaktrettshavar. Løyvet har vore gitt med grunngjevinga særskilt vanskeleg og utilgjengeleg terreng.

Etter utbrotet av skrantesjuke (CWD) i 2017 i Nordfjella villreinområdet, har auka uttak av hjort og elg vore eit av tiltaka for å minske risikoen for spreiling av CWD-smitte. Frå 2018 til og med jaktsesongen 2022 har det vore utflyging av felt hjortevilt i regi av Miljødirektoratet for å auke uttaket av hjortevilt. Dei slutta med dette fordi dei vurderte at kostnaden med utflyginga var for høg i forhold til nytteverdien i form av bestandsreduksjon, og på grunn av forstyrringa motorferdselen bidrog til. I 2023 og 2024 har Nærøyfjorden verneområdestyret gitt løyve til utflyging gjennom Aurland hjorteutval, da Aurland kommune framleis har i



oppgåve å sikre auka uttak av hjort i brakkleggingsperioden etter CWD-utbrotet i Nordfjella villreinområde. I løyvet til uttransport i 2024 vart det gitt løyve til 6 dagar med transport i perioden frå 10.09.2024 til og med 15.11.2024. Dette løyvet gjeld også for jakt i storviltvaldet Flenjane.

Kunnskapen om området er dokumentert gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, forarbeidet til verneforskrifta og tidlegare erfaring med helikoptertransport i området. Utanom villrein, er det ikkje registrert trua og sårbare artar eller naturtypar i områda det er søkt om landingsløyve (Naturbase 16.10.2024), og transporten føregår utanfor den sårbare hekke og kalvingstida. Villrein har reetablert seg i dette området, og i 2019 vart Raudafjell villreinvald oppretta. Situasjonen er difor noko endra sidan førre løyve som vart gitt i 2018. Vidare har det vore eit auka fokus på tiltak for å beskytte villreinen i villreinområda gjennom ny stortingsmelding og arbeidet med tiltaksplanen for villrein. Raudafjell villreinområde er definert som gul (middels) i kvalitetsnormen for villrein. Det bør takast særskilt omsyn til villrein i vurderinga av denne saka.

I fråseguna frå Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell vert det peika på kvalitetsnorma og Stortingsmeldinga om villrein, og meiner praksisen med å gje løyve til motorisert ferdsel i villreinområde må strammast inn. Dei har ikkje merknader til denne søknaden, men dei skriv at det på generelt grunnlag ikkje er ynskjeleg med omfattande flyging og landing i villreinområdet, sjølv om føremålet med å frakte ut felte dyr er godt. Dei peikar i tillegg på at utfrukting av dyr bør samkøyrast, slik at ikkje kvar enkelt grunneigar må ha eige løyve. Vidare skriv dei at dei føreset at landinga ikkje er i fjellet men nær tregrensa, og slik sett er i liten konflikt med villreininteressene.

Raudafjell villreinutval er positive til at felt hjortevilt kan fraktast ut med helikopter, men peikar på at det må setjast strenge vilkår til flygerute og landingsplass for å unngå unødig uro av villreinen. Landingsplassen bør helst vera under tregrensa for å minimera konflikten med villreinen.

Kunnskapsgrunnlaget med tanke på villrein er vurdert som godt jf. naturmangfaldlova § 8, men det er ein viss usikkerheit med tanke på anna dyreliv i området. Føre-var-prinsippet jf. naturmangfaldlova § 9 er difor veklagt i denne saka.

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. naturmangfaldlova § 10. Fråvær av støy er ein viktig kvalitet i verneområde, og i verneforskrifta er det lagt vekt på at motorferdsel skal haldast på eit lågt nivå. Det er totalbelastinga av motorferdsela og dei samla skadeverknadane av enkeltløyve over tid som vil ha verknad på verneområdet. Det er liten aktivitet med motorisert ferdsle i dette fjellområdet i dag. Det er viktig å halda motorisert ferdsel på eit lågt nivå, og i løyve som er gitt Aurland hjorteutval er det difor sett vilkår om samordning av transport i området for å unngå støy og forstyrring.

For 2024 er det gitt eit løyve via Aurland hjorteutval på bakgrunn av ynskje om auka uttak på grunn av CWD. Løyvet er gitt til hjorteutvalet for å sikre at alle valda som er med der samordnar seg så motorferdsla vert minimalisert til 6 dagar i 2024-sesongen. Morten Nesbø er med i dette løyvet ved at han er med i storviltvaldet Flenjane. I denne søknaden søker han på bakgrunn av vanskeleg terreng. Andre stader det er gjeve løyve til uttransport av felt storvilt på dette grunnlaget, er i Kidjajuvet (Undredal), Horten og Stølshaug i Nærøyfjorden



landskapsvernområde. Alle desse område har vanskeleg tilgjengelege terregn. Rapportar frå alle desse hjortevalda frå før 2020 viser at jegerane har oppfylt vilkåra med å vera restriktive, og dei har ikkje nytta løyve til helikoptertransport unødig. Den samla belastninga på området av motorferdsle i denne delen av Nærøyfjorden landskapsvernområde vart då vurdert som akseptabel. Ei utflyging i året frå Flenjane vil ikkje aleine påverke verneverdiane vesentleg. Det er den totale motorferdselen og presedensverknaden ein her må ta stilling til.

Situasjonen no i 2024 er vesentleg endra frå før utbrotet av CWD. Det har no vorte etablert ein vane for jegerane å kunne transportere ut hjortevilt med helikopter i heile Aurland kommune, og med det frå mange fleire vald enn dei som er nemnde over.

Presedensverknaden har derfor vorte ein heilt annan. Det er 20 vald som har område inn i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Alle desse valda har område i sitt vald som kan definerast som svært krevjande. Når brakkleggingsperioden er over, og det ikkje lenger er grunnlag for å gi løyve på bakgrunn av CWD, kan det koma inn mange søknader om uttransport av hjortevilt med argumenta krevjande og vanskeleg terregn. Dersom ein opnar opp for å gje enkeltjegerar løyve til dette, vert presedensverknaden stor, og det vil kunne føra til stor auke i motorisert ferdsel. Ein stor auke i motorisert ferdsel vil kunne få vesentleg negativ verknad på dyrelivet, blant anna villrein. Dyrelivet er ein del av verneføremålet i dette verneområdet.

Forvaltar vurderer denne einskilde søknaden til i liten grad å påverka dyrelivet og vil ikkje vera i strid med verneformålet, men forvaltar vurderer den samla belastninga som svært stor dersom det vert opne opp for at einskilde jegerar kan søkje om uttransport av felt hjortevilt. Den samla belastninga på dyrelivet og verneverdiane vil kunne verta stor, og derfor vere i strid med verneføremålet. På bakgrunn av vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8-10 og verneforskrifta, vurderer forvaltar at det ikkje kan gjevast dispensasjon med heimel i naturmangfaldlova § 48 til uttransport av felt hjortevilt i denne saka. I tråd med tidlegare saker, vil ikkje forvaltar tilrå at det vert gitt løyve til enkeltjegerar til uttransport av felt hjortevilt i særskilt vanskeleg terregn.

Det er innstilt på avslag i denne saka, og naturmangfaldlova §§ 11-12 er difor ikkje vurdert.